



Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 18.05.2017

Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------------|----------|---------------|
| Håkon Myrvang | Medlem | |
| Iris Loftheim | Medlem | |
| Leidulf Rygge Bogstad | Medlem | |
| Gunhild Berge Stang | Medlem | |

Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------|----------|---------------|
| Oddmund Klakegg | MEDL | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|------------------|----------------------|
| Alf Erik Røyrvik | verneområdeforvaltar |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|---|-------|------------------|
| ST 10/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| ST 11/2017 | Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Klage på vedtak - Løyve til å bygge gjetarhytte | | 2017/922 |
| ST 12/2017 | Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Besøksstrategi | | 2017/1199 |
| ST 13/2017 | Eventuelt | | |

ST 10/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------------|-----------|------------|
| Naustdal-Gjengedal verneområdestyre | 11/2017 | 18.05.2017 |

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Klage på vedtak - Løyve til å bygge gjetarhytte

Dokument i saka:

- Søknad om å bygge gjetarhytte i Risbotnen
- Uttale frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane
- Uttale frå Førdefjella Villreinutval
- Løyve til å bygge gjetarhytte
- Klage på vedtak frå Villreinnemnda

Bakgrunn

Risbotnen beitelag og Dag Bakketun søkte vinteren 2017 om å få føre opp ei gjetarhytte i beiteområdet innanfor Risbotnen, om lag 1000 meter over havet. Villreinnemnda og villreinutvalet sende begge inn fråsegner i saka, der dei stilte seg negative til søknaden. Villreininteressene gjekk i mot oppføring av ei gjetarhytte her, då dette er eit sentralt område for villreinen som vert brukt både som beite- trekk- og kalvingsområde. Villreinnemnda fryktar at hytta vil føre til auka ferdsel i området og at det kan påverke villreinstamma negativt.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre handsama saka i styremøte 30.mars. Styret vedtok å gje søkjarane løyve til å bygge gjetarhytte, på visse vilkår. Eit av vilkåra var at hytta skulle vere ulåst. Eit anna vilkår var at det skulle vere ei synfaring der ein skulle finne nøyaktig plassering av hytta.

Vedtaket vart sendt ut 6. april.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har klaga på vedtaket. Nemnda meiner at det ikkje er teke nok omsyn til sårbare naturverdiar, syner til føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9, og ber om at vedtaket vert gjort om. Klagen er datert 24.april, men kom ikkje sekretariatet om hende før 2. mai.

Vurdering

Verneområdestyret fatta som nemnt over her vedtak i styremøte 30. mars 2017. Vedtaket vart sendt ut til alle partar og gjort offentleg 6. april. Klagefristen i slike saker er i følgje forvaltningslova tre veker. Klagefristen var derfor 27. april, og klagen kom altso inn nokre dagar etter fristen. Sidan det har vore påske med mange heilagdagrar i denne perioden, og vedtaket er datert innan fristen, so tykkjer eg likevel verneområdestyret skal handsame klagen.

I verneområdestyret si handsaming av saka har dei støtta seg på verneforskrift for Naustdal-Gjengedal, forvaltningsplan for verneområdet og på tidlegare forvaltningspraksis. Verneforskrifta opnar for å gje løyve til nye bygningar som er naudsynte til landbruksføremål, og i forvaltningsplanen er gjetarhytte omtala som ein aktuell type bygning etter denne heimelen.

Kulturlandskapet er ein del av verneføremålet til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Beiting med husdyr gjennom fleire hundre år har vore med på å skape dette kulturlandskapet, og beiting er viktig for å ta oppretthalde kulturlandskapet. Verneområdestyret har derfor i si sakshandsaming sidan det vart konstituert fyrste gongen i 2011, hatt som praksis å støtte opp om beitenæringa og næringa sine behov. Sjølv sagt føresett at det skjer innanfor regelverket og ikkje går ut over verneverdiane.

I Førdefjella villreinområde er det ei stamme på 75-80 vinterdyr, og leveområdet til denne stamma er ganske samanfallande med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Villreinen er ikkje nemnd som ein del av verneføremålet til Naustdal-Gjengedal, og Førdefjella er ikkje blant dei villreinområda som er definert som nasjonale villreinområde. Det er likevel slik at Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen som art. Verneområdestyret brukar derfor å legge vilkår til motorferdselløyve og andre vedtak for å unngå eller redusere negativ verknad for villreinen i Førdefjella.

Omsyn til villrein er omtala og vurdert i denne saka, både i saksutgreiing og i handsaminga av saka i styremøtet. Verneområdestyret vurderte det slik at dei ikkje kunne avslå søknaden om å bygge gjetarhytte av omsyn til villrein, når villrein ikkje er ein del av verneføremålet. Dette er i tråd med styret sin forvaltningspraksis, innspel som styret tidlegare har fått i frå Miljødirektoratet, og vurderingar som direktoratet har gjort i klagesaker tidlegare.

Verneområdestyret er kjend med kor sårbar villrein er for uro, og særleg i kalvingstida. Styret har som praksis å legge vilkår til løyva og vedtaka for å ta omsyn til villrein. I denne saka vurderte styret å sette vilkår om at gjetarhytta skulle vere låst i kalvingstida. Dette vilkåret vart likevel ikkje brukt, då det juridisk og praktisk sett er vanskeleg både å kontrollere og handheve. I staden tok styret initiativ til betre informasjon til turfolk og andre brukarar slik at desse skal kjenne til villreinen sine utfordringar og dermed ta naudsynt omsyn til den.

Handsaming i styremøte

Verneområdestyret må avgjerde om dei:

1. skal ta klagen til følgje og gjere om vedtaket, eller
2. oppretthalde vedtaket sitt frå 30. mars og sende saka vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

Verneområdeforvaltaren har ikkje skrive framlegg til vedtak i samband med styret si handsaming av klagen.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 11/2017 - 18.05.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tek ikkje klagen til følgje, og står fast på vedtaket til styret frå møtet 30.mars.

Styret kan ikkje sjå at det har kome inn nye opplysningar i saka og syner til vurderingane i saksutgreiinga og styrehandsaminga i styremøtet 30.mars.

Saka vert sendt vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

Løyve til oppføring av gjetarhytte vert gjeve oppsettande verknad fram til klagesaka er ferdig handsama av Miljødirektoratet.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------------|-----------|------------|
| Naustdal-Gjengedal verneområdestyre | 12/2017 | 18.05.2017 |

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Besøksstrategi

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner framlegg til besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og legg dette ut på høyring.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Framlegg til besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Bakgrunn

Verneområdestyret og forvaltninga har jobba med utarbeiding av besøksstrategi vel eit år no. Besøksstrategien har vore sak på dei fleste styremøte i denne perioden.

No ligg det klart eit framlegg til strategidokument, inkludert tiltaksplan. Etter forvaltar sitt syn er dette dokumentet klart til å legge ut på høyring, eventuelt med ein korrekturgjennomgang.

Styret må vurdere om dokumentet er klart for høyring og eventuelt kome med endringar i dokumentet. Styret bør og legge føringar for korleis høyringa skal gjennomførast.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 12/2017 - 18.05.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner framlegg til besøksstrategi og vedtek å legge dette ut på høyring.

ST 13/2017 Eventuelt

Ingen saker